



Regelverk for Kapittel 0621 post 63 Boligsosialt arbeid

Tilskot til oppfølgingstenester i bustad – Kapittel 0621 post 63 Arbeids- og velferdsdirektoratet Godkjent av Arbeidsdepartementet, dato: 4.3.2010

Oppdatering av godkjend regelverk datert 28.2.2009.
Alle endringar som pkt. 6.2.1.1 i Bestemningar om økonomistyring i staten pkt. a–e gjeld for, skal godkjennast av AD.

1. Mål for ordninga og målgruppe

Styrkje og utvikle dei ordinære tenestene i kommunane, slik at dei betre kan vareta behovet bustadlause og rusmiddelmissbrukarar har for oppfølging i bustad.

Bemanning av enkeltstående butilbod (omsorgsboligar/lavterskeltilbod osv.) fell utanfor tilskotets formål.

2. Nasjonale kriterium for måloppnåinga

- Ha fleire årsverk/stillingar i det ordinære tenestetilbodet i kommunane som gir oppfølgingstenester i bustad
- Ha utvikla metodar for oppfølging i bustad som bidreg til å sikre bustadlause og rusmiddelmissbrukarar eit individuelt tilpassa tenestetilbod
- Ha lagt til rette for heilskapleg boligsosialt arbeid lokalt i tilskotskommunane
- Ha styrka moglegheiten for unge i aldersgruppa 18-25 til å skaffe og behalde arbeid
- Ha vidareført resultatmåla frå den nasjonale strategien (2005–2007) mot bustadløyse
- Ha redusert bruken av midlertidige butilbod i tilskotskommunane
- Ha sikra brukarmedverknaden i kommunane for rusmiddelmissbrukarar og bustadlause
- Ha sikra rettssikkerheita til brukarane gjennom vedtak på tenestene
- Ha sikra best mogleg samordning med andre relevante tilskot
- Ha bidrege til å redusere talet på bustadlause i tilskotskommunane

3. Tilskotsmottakarar

Følgjande mottaksgrupper kan søkje og få tilskot under tilskotsordninga: kommunane

4. Kunngjering

Kunngjering av tilskotsmidlane skjer frå sentral stat på høvesvis "Navet", <http://kommune.nav.no> og <http://www.nav.no> og i brev til kommunane. Tilskotsmidlane blir òg kunngjorde på nettsidene til fylkesmennene.

5. Krav til form og innhald i søknaden

Søknaden skal innehalde informasjon om søkjaren, adressa og kontaktpersonen.

Søknaden skal signerast av rådmannen eller den som han har delegert myndigheit til.

Søknaden skal beskrive

- Kva formål søkjaren har med tilskotet
- Kva teneste(r) innanfor det ordinære tenestetilbodet tilskotet skal bidra til å styrkje og utvikle
- Korleis kommunen vil arbeide for å gi brukarane som tiltaket er retta mot, eit samordna og heilskapleg tenestetilbod
- Søknadsbeløp
- Budsjett
- Eigenfinansiering
- Informasjon om kommunen har søkt om / fått andre tilskotsmidlar til tiltak retta mot brukargruppa

6. Tildelingskriterium, inklusive berekningsreglar

- Målgruppa for tilskot er bustadlause og rusmiddelmissbrukarar.
- Midlane blir tildelte for eitt år om gongen – maksimalt inntil tre år.
- Tilskotet blir berre gitt til stillingar (lønn og sosiale utgifter). Andre driftsutgifter er **ikkje** omfatta av tilskotsordninga. Det kan løyvast inntil kr 10 000 per tiltak til kompetansegivande tiltak.
- Stillingar knytte opp mot tenenesteutøving må vidareførast av kommunen etter at tilskotsperioden er over.
- Tiltaket skal vere forankra i det kommunale planarbeidet som ein del av den ordinære organiseringa/ det ordinære tenestetilbodet til kommunen.
- Tilskotet skal bidra til å fremje eit heilskapleg tenestetilbod til brukarane i tråd med IS-1162: og *bedre skal det bli. Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten (2005–2015)*.
- Ein ser ulike tenestetilbod i samanheng og bør arbeide for å få til nær samhandling med frivillige organisasjonar og aktuelle statlege aktørar.
- Tenestetilbodet skal leggje til rette for brukarmedverknad på systemnivå og auka bruk av individuell plan (IP) på individnivå.
- Rettstryggleiken til tenestemottakarane skal varetakast gjennom vedtak på tenestene.
- Kommunane må arbeide opp mot eitt eller fleire av resultatmåla i den nasjonale strategien for å førebyggje og kjempe mot bustadløyse. **Kommunane må oppgi tilgjengelege data for det resultatmålet / dei resultatmåla satsinga er retta inn mot, til dømes KOSTRA-tal som er tilknytte bruk av mellombels bustad, eller data frå Brønnøysundregistrene som er tilknytte krav og utkastingar.**
- Tilskotskommunane skal arbeide for gode bustadløysingar som opnar for gode tenester.
- Tenestetilbodet skal leggje grunnlag for sosial deltaking og aktivitet / arbeidsretta tiltak i målgruppa.

7. Krav til søknadsbehandling

- Søknadene skal sendast til det respektive fylkesmannsembetet, som vidare sender søknadene saman med sine vurderingar og innstillingar til Arbeids- og velferdsdirektoratet. Bydelar i Oslo sender søknader til Byrådsavdeling for eldre og sosiale tenester, som sender søknadene vidare til Fylkesmannen i Oslo og Akershus.
- Søknader frå Oslo skal sjåast i samanheng med inngått rammeavtale mellom Oslo kommune og Husbanken for å sikre at statleg tilskot bidreg til heilskapleg satsing på boligsosialt arbeid og ivaretek Oslos interesser som storby og hovudstad.
- Tildelinga blir drøfta i felles møte mellom Fylkesmannen og Arbeids- og velferdsdirektoratet. Det skal utarbeidast ein protokoll som begge partar skal skrive under på i møtet. Det er Arbeids- og velferdsdirektoratet som gjer vedtak om tilskot.
- Ein skal så langt som råd er, sjå søknadene i samanheng med andre tilskot som blir forvalta av Fylkesmannen og Husbankens kompetansetilskot.
- Dersom den samla søknadssummen på landsbasis overstig den nasjonale ramma til formålet, skal vidareføring av tilskotskommunar prioriterast framfor nye kommunar. Arbeids- og velferdsdirektoratet har det overordna ansvaret for å fordele nasjonal ramme.
- Arbeids- og velferdsdirektoratet sender over fullmaktsbrev til Fylkesmannen. Fylkesmannen sender tilskotsbrev ut til den enkelte kommunen. Endeleg tilskot ligg føre når kommunane har sendt inn stadfesting på motteke tilsegnsbrev til Fylkesmannen. Kommunar som har fått tilskot året før, må leggje fram årsrapport og revisorattestert rekneskap før årets midlar kan utbetalast.
- Arbeids- og velferdsdirektoratet og Fylkesmannen skal normalt ha behandla ferdig søknadene innan medio mai.

8. Reglar for klagebehandling

Tildeling av / avslag på tilskot under ordninga er ikkje enkeltvedtak. Etter forvaltingslova § 2 første leddet bokstav a og b er det ikkje klagerett.

9. Rutinar for utbetaling

Tilskotet blir først utbetalt av Fylkesmannen når stadfestinga som ligg ved tilskotsbrevet, er returnert utfyllt og signert av tilskotsmottakaren, jf. pkt. 5 og 8. Vidare må tilskotsmottakaren oppfylle alle krava i dette regelverket og i tilskotsbrevet, til dømes krav til rapportering av tidlegare motteke tilskot.

Tilskotsmottakaren må straks varsle Fylkesmannen dersom adresse, bankkontonummer eller organisasjonsnummer er endra.

For mykje utbetalt tilskot skal straks returnerast til Arbeids- og velferdsdirektoratet med referanse til kapittel, post og ordning.

Det går fram av tilskotsbrevet dersom tilskotet blir utbetalt over fleire terminar.

Dersom ikkje heile tilskotet er nytta ved slutten av året, skal ein søkje skriftleg om å overføre middel som ikkje er nytta dersom tiltaket skal vidareførast.

Middel som ikkje er nytta når tiltaket er avslutta, skal snarast betalast tilbake til Arbeids- og velferdsdirektoratets konto. Direktoratet skal få beskjed om tilbakeføringa.

10. Krav til rapportering frå tilskotsmottakar

Generelle krav:

Budsjett og rekneskap frå tilskotsmottakaren skal kunne samanliknast på likt nivå.

Spesifikke krav med beskriving av tiltaka/aktiviteten som bidreg til måloppnåing:

Statusrapport/sluttrapport per 31.12. seinast innan 31.03. året etter. Rapporteringa skjer elektronisk (via utarbeidd questback-fil). Fila blir sendt ut årleg til alle tilskotskommunar.

Spesifikke krav til rekneskapsrapporteringar og attestasjonar:

Rekneskap per 31.12 skal sendast innan 31.03 året etter. Det er utarbeidd skjema for rekneskapsoversikt som skal fyllast ut og signerast og leggjast ved rekneskapen. Krav til revisorkontroll og attestasjon spesifiserast i tilskotsbrevet.

11. Oppfølging og kontroll

Generelle krav:

Ein tek atterhald om at Arbeids- og velferdsdirektoratet eller den direktoratet gir fullmakt til, får tilgang til å føre kontroll med at løyvinga blir brukt etter føresetnader i heile tilskotskjeda, jf. løyvingsreglementet § 10, andre leddet.

12. Bortfall av tilskot

Dersom tilskotsmottakaren ikkje har oppfylt krava som går fram av regelverket eller tilskotsbrevet, fell tilskotet bort.

13. Evaluering

Tilskotsordninga er evaluert av Fami/Fafo i 2007. Behovet for meir evaluering skal vurderast og avgjerast i samråd med departementet.